

Tysnes Sparebank
- lokalbanken din -

KVARTALS- RAPPORT 2019

2. kvartal



VERDISKAPANDE
ENGASJERT
TILGJENGELEG

2. KVARTALSRAPPORT

Kvartalsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova av 1998, forskrift om årsrekneskap for bankar kapittel 9 om delårsrekneskap samt god rekneskapsskikk. Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert.

Resultat

Bankens resultat før skatt er på 19,1 millionar kroner, 3,3 millionar betre enn andre kvartal 2018. Resultat etter skatt gjev ein årleg eigenkapitalavkastning på 10,3 prosent.

Rentenettoen er 4,9 millionar kroner høgare enn andre kvartal 2018. Kundetilgangen er fortsatt god, men auke i innlånsrenta gjev høgare finansieringskostnader og legg press på marginane. Netto andre driftsinntekter er på nivå med fjoråret til tross for dei strukturelle endringane som finn stad innan betalingsområdet. Provisjonsinntektene frå Eika Boligkreditt AS er redusert sjølv med auka utlånsvolum og andre inntekter i prosent av totale inntekter er redusert frå 19,2 prosent i 2. kvartal 2018 til 16,1 prosent i 2019.

Bankens driftskostnader er på nivå med fjoråret og bankens kostnadsprosent er redusert frå 53,2 prosent i 2. kvartal 2018 til 49,5 prosent i 2. kvartal 2019. Banken har ikkje ført tap på utlån eller garantiar så langt i 2019.

Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen utgjer 2.777 millionar kroner. Det er overført 997 millionar kroner i bustadlån til Eika Boligkreditt AS. Sum forretningskapital er om lag 3,8 milliardar kroner.

Utlån

Samla utlånsvekst for banken har vore på om lag 6 prosent hittil i år, mens 12 månaders veksten er på om lag 14 prosent. Fordelinga av utlån mellom privat – og bedriftsmarknad er 73/27. Veksten innan bedriftsmarknaden er hovudsakleg til små og mellomstore bedrifter i regionen.

Banken sin risikoprofil skal vera låg til moderat. Andel misleghaldne lån (90 dagar og eldre) er på 2,6 prosent av bankens totale utlån. Dette er på same nivå som i andre kvartal 2018. Misleghaldne – og tapsutsatte lån er vurdert til å vera under god kontroll. Banken gjennomfører fortløpande ei vurdering av utvalde engasjement for å avdekke moglege individuelle tap og gjennomfører nedskrivingar i høve til dette.

Nedskrivingar på individuelle utlån og grupper av utlån er uendra sidan årsskiftet.

Innskot

Innskotsveksten har vore på om lag 17 prosent siste 12 månader og har vore høgare enn utlånsveksten, slik at innskotsdekninga har auka med om lag 2 prosent siste året. Innskotsdekninga inkl. utlån via Eika Boligkreditt AS er på 55 prosent.

Likviditet

Banken har god likviditet og har plassert likviditetsreservar i bank- og obligasjonsmarknaden. I tillegg har banken årleg rullerande kredittlinjer for daglege oppgjers-transaksjonar i DNB. I Noregs Bank og andre kredittinstitusjonar er det plassert til saman 263 millionar kroner ved utgangen av andre kvartal.

Overskotslikviditet vert forvalta av Eika Kapitalforvaltning AS til å byggje opp ein forsvarleg LCR – portefølje. Det er ved kvartalsskiftet plassert 120 millionar kroner i denne porteføljen, som er tilpassa låg risikotoleranse. Banken har plassert kortsiktig 40 millionar kroner i rentefond siste kvartal. Bankens LCR er 137, godt over gjeldande lovkrav som er 100.

Finansiering og ansvarleg lånekapital

Det har ikkje vore endringar i bankens finansiering i siste kvartal. Totale låneforpliktelsar for obligasjonsgjeld er 370 millionar kroner ved utgangen av 2. kvartal 2019. Totale lån via KFS er pålydande 210 millionar kroner ved utgangen av 2. kvartal 2019.

For å betre kapitaldekninga har banken ein evigvarande fondsobligasjon pålydande 20 millionar kroner og eit ansvarleg lån pålydande 30 millionar kroner.

Soliditet

Banken var ved årsskiftet under bankens interne kapitalmål. For å styrkja bankens soliditet vart det gjennomført ein garantert fortrinnsrettsemisjon pålydande 45 millionar kroner våren 2019. Emisjonen vart overteikna og banken utstedte 428.571 nye eigenkapitalbevis. Totalt er det 350 eigarar av eigenkapitalbevis i banken og om lag 75 prosent er lokale eigarar. Ny kapital pålydande 42,9 millionar kroner vart registrert i foretaksregisteret i mai.

Etter emisjonen er banken godt kapitalisert. Bankens reine kjernekapitaldekning, hensyntatt forholdsmessig konsolidering, er 15,37 prosent ved utgangen av andre kvartal 2019. Tilsvarende utgjør kjernekapitaldekning og kapitaldekning 16,74 prosent og 18,69 prosent. Banken oppfyller gjeldende lovkrav. Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert og resultat hittil i år er ikkje inkludert i kapitaldekningsberekningane.

Banken har sendt inn årets ICAAP dokumentasjon til Finanstilsynet for fastsetjing av eit eventuelt individuelt pilar 2-krav for banken.

Utsiktene framover

Banken har festa eit solid grep om den lokale marknaden for person- og bedriftskundar. Det går betre for næringslivet i regionen enn det har gjort på mange år. Arbeidsløysa er på eit lågt nivå samanlikna med tidlegare år. Målsetninga til banken er å veksa lønsamt dei neste åra. Det er første gang banken har ein K/I (kostnad/inntekt) under 50 – dette resultatet ville ikkje vore oppnåeleg utan entusiastiske medarbeidarar som vil at alle kundane skal oppleve «verdas mest personlege bank». Vi har tru på vekst også i åra som kjem, noko som bidreg til ei god eigenkapitalavkastning for dei som har eigenkapitalbevis og ein endå sterkare lokalbank som skal tena lokalsamfunnet i mange år framover.

Tysnes, 14. august 2019

I styret for Tysnes Sparebank


Bente Raknes	Elisabet Sandven	Børge Pedersen
Styreleiar	Styrets nestleiar	Styremedlem

Tor Brattebø	Ingvild A. Hustad	Torunn Nødland
Styremedlem	Styremedlem	Styremedlem

Dag Sandstå
Banksjef

RESULTATREKNESKAP (alle tall i 1.000 kroner)

Resultat	30.06.2019	30.06.2018	31.12.2018
Renteinntekter og lignende inntekter	46.336	37.225	78.956
Rentekostnader og lignende kostnader	17.375	13.198	28.275
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	28.961	24.027	50.681
Utbytte og andre inntekter av vp med var. avkast.	1.438	1.227	1.227
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester	7.432	7.310	15.098
Provisjonskostnader og kostnader fra banktjenester	1.869	1.608	3.272
Netto verdiendr. og gev./tap på val. og vp omløp	255	90	129
Netto andre driftsinntekter	7.257	7.019	13.181
Personalkostnader	8.136	7.389	16.793
Administrasjonskostnader	5.640	5.369	10.021
Avskrivning	348	312	695
Andre driftskostnader	2.964	2.747	5.160
Sum driftskostnader	17.088	15.816	32.669
Resultat før tap og nedskrivninger	19.130	15.230	31.193
Tap på utlån, garantier m.v.	(70)	586	2.148
Kurstap anleggsaksjer	(4)	(1.171)	(2.219)
Sum nedskr/rev. av nedskrivning	70	-	-
Resultat av ordinær drift før skatt	19.134	15.815	31.264
Skatt	4.456	3.365	7.298
Resultat av ordinær drift etter skatt	14.678	12.450	23.966



BALANSE (alle tall i 1.000 kroner)

Eiendeler	30.06.2019	30.06.2018	31.12.2018
Konter og fordringer på sentralbanken	108.496	102.969	108.655
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner	163.711	51.176	72.802
Sum utlån til kunder før nedskrivninger	2.281.330	1.997.479	2.182.808
- nedskrivninger på individuelle utlån	(5.860)	(5.160)	(5.860)
- nedskrivninger på grupper av utlån	(7.500)	(6.500)	(7.500)
Sum netto utlån og fordringer på kunder	2.267.970	1.985.819	2.169.448
Sert., obl og andre rentebærende vp med fast avkast.	119.614	117.402	117.290
Aksjer, andeler og andre vp med variable avkastning	100.914	49.523	50.635
Eierinteresser i tilknyttede selskaper	3.436	3.436	6.222
Utsatt skattefordel	1.321	1.014	1.321
Varige driftsmidler	6.983	7.503	7.113
Andre eiendeler	(194)	3	6
Forsk. bet. ikke pål. kost. og opptj. ikke mottatte innt.	4.822	4.309	4.603
Sum eiendeler	2.777.074	2.323.155	2.538.095

Egenkapital og gjeld	30.06.2019	30.06.2018	31.12.2018
Gjeld til kredittinstitusjoner	210.088	220.026	234.640
Innskudd fra og gjeld til kunder	1.808.857	1.539.709	1.661.878
Gjeld stiftet v/utstedelse av verdipapirer	369.839	239.945	289.844
Annen gjeld	10.619	9.299	20.186
Påløpte kostnader og mottatte ikke opptjente innt.	11.705	9.726	4.313
Avsetninger for påløpte kostnader og forpliktelser	587	382	433
Ansvarlig lånekapital	50.000	50.000	68.987
Sum gjeld	2.461.695	2.069.087	2.280.281
Innskutt egenkapital	152.127	109.240	109.240
Sparebankens fond	145.124	132.171	145.124
Gavefond	205	205	205
Utjevningsfond	3.245	1	3.245
Resultat etter skatt hittil i år	14.678	12.450	-
Sum egenkapital	315.379	254.069	257.814
Sum gjeld og egenkapital	2.777.074	2.323.155	2.538.095

NØKKELTALL

Resultat (isolerte kvartalsstall) - tall i MNOK	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018	2. kvartal 2018
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	14,7	14,3	12,3	13,0	12,3
Netto andre driftsinntekter	4,6	2,7	4,3	3,0	4,3
Sum driftskostnader	7,9	9,2	7,5	8,5	7,5
Resultat før tap	11,3	7,8	9,1	7,5	9,1
Tap på utlån, garantier m.v.	-	-	0,7	0,8	0,7
Gevinst/tap anleggsaksjer	-	-	(1,2)	(0,2)	(1,2)
Resultat av ordinær drift før skatt	11,3	7,8	9,6	6,9	9,6
Skatt	2,5	1,9	1,7	1,7	1,7
Resultat etter skatt	8,8	5,9	7,9	5,2	7,9

Balanse (utvalgte poster) - tall i MNOK					
Forvaltningskapital	2.777	2.615	2.538	2.390	2.323
Forvaltningskapital inkl. EBK	3.774	3.571	3.458	3.285	3.199
Brutto utlån (egen balanse)	2.281	2.249	2.183	2.076	1.997
Utlån EBK	997	956	920	895	876
Brutto utlån inkl. EBK	3.278	3.205	3.103	2.971	2.874
Innskudd	1.809	1.683	1.662	1.547	1.540
Sparebankens fond inkl. resultat hittil i år	163	154	149	150	145
Egenkapitalbeviskapital	152	109	109	109	109

Lønnsomhet					
Kostnader i % av inntekter justert for VP	49,5 %	54,2 %	52,3 %	53,2 %	53,2 %
Kostnadsvekst siste 12 mnd	8,0 %	10,4 %	8,3 %	5,5 %	0,8 %
Egenkapitalavkastning*	10,3 %	9,1 %	9,2 %	9,4 %	10,1 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	16,1 %	15,5 %	18,9 %	18,9 %	19,2 %
Netto rentemargin hittil i år	2,23 %	2,25 %	2,19 %	2,19 %	2,18 %
* EK-avkastning etter beregnet skatt - Annualisert					

Innskudd og utlån					
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	26,7 %	26,3 %	24,5 %	24,4 %	24,4 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	37,4 %	36,6 %	35,8 %	36,3 %	36,7 %
Utlånsvekst siste kvartal	1,4 %	3,0 %	5,1 %	4,0 %	5,0 %
Utlånsvekst inkl. EBK siste kvartal	2,3 %	3,3 %	4,4 %	3,4 %	5,1 %
Innskuddsdekning	79,3 %	74,8 %	76,1 %	74,5 %	77,1 %
Innskuddsdekning inkl. EBK	55,2 %	53,6 %	53,6 %	52,1 %	53,6 %

Soliditet					
Ren kjernekapital i %	16,78 %	14,88 %	15,74 %	16,21 %	15,94 %
Kjernekapital i %	18,05 %	16,24 %	17,14 %	17,69 %	17,46 %
Kapitaldekning i %	19,96 %	18,29 %	19,25 %	19,90 %	19,73 %
Beregningsgrunnlag	1.570.375	1.465.371	1.422.826	1.357.275	1.317.655
Uvektet kjernekapitalandel	9,94 %	8,98 %	9,42 %	9,88 %	9,68 %
Ren kjernekapital i % - forholdsmessig konsolidering	15,37 %	14,22 %	14,59 %	15,03 %	14,80 %
Kjernekapital i % - forholdsmessig konsolidering	16,74 %	15,70 %	16,14 %	16,54 %	16,34 %
Kapitaldekning i % - forholdsmessig konsolidering	18,69 %	17,81 %	18,25 %	18,74 %	18,61 %
Uvektet kjernekapitalandel - forholdsmessig konsolidering	8,04 %	7,55 %	7,70 %	8,00 %	7,93 %

Likviditet					
LCR	137	120	113	142	172
NSFR	130	129	127	125	122

Egenkapitalbevis					
Resultat per egenkapitalbevis	4,95	2,35	9,61	7,35	5,17
Bokført egenkapital per egenkapitalbevis	105,25	105,76	103,41	107,77	105,60
P/B	1,04	1,11	1,17	1,10	1,07
Siste omsatte kurs	109	117	121	119	113

NOTEOPPLYSNINGER (alle tall i 1.000 kroner)

Tap på utlån	30.06.2019	30.06.2018	31.12.2018
Periodens endring i individuelle nedskrivninger	-	350	1.050
Periodens endring i gruppevis nedskrivninger	-	-	1.000
Periodens konstaterte tap som det tidl. er nedskrevet for	-	295	295
Periodens konstaterte tap som det tidl. ikke er nedskrevet for	-	81	105
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivninger	-29	-140	-211
Periodens renter på nedskrevet del av utlån	-41	-	-91
Periodens tapskostnad	-70	586	2.148

Misligholdte engasjement	30.06.2019	30.06.2018	31.12.2018
Brutto misligholdte utlån	58.803	52.178	36.533
Individuelle nedskrivninger	-4.200	-3.500	-4.200
Netto misligholdte utlån	54.603	48.678	32.333

Et engasjement anses som misligholdt når låntaker ikke har betalt forfalte terminer innen 90 dager etter terminforfall, eller når overtrekk på rammekreditter er eldre enn 90 dager.

Andre tapsutsatte engasjement	30.06.2019	30.06.2018	31.12.2018
Tapsutsatte engasjement (ikke misligholdt)	3.894	3.990	3.946
Individuelle nedskrivninger	-1.660	-1.660	-1.660
Netto tapsutsatte engasjement	2.234	2.330	2.286

Et tapsutsatt engasjement er ikke misligholdt, men det er foretatt en individuell nedskrivning på engasjementet i henhold til utlånsforskriften.

Kapitaldekning	30.06.2019	30.06.2018	31.12.2018
Sparebankens fond	145.124	132.171	145.124
Gavefond	205	205	205
Innbetalt egenkapitalbevis	151.448	108.561	108.561
Overkursfond	457	457	457
Utjevningsfond	3.245	1	3.245
Kompensasjonsfond	222	222	222
Sum egenkapital	300.702	241.618	257.814
Fradrag i ren kjernekapital	-37.240	-31.608	-33.887
Ren kjernekapital	263.461	210.009	223.927
Fondsobligasjoner	20.000	20.000	20.000
Sum kjernekapital	283.461	230.009	243.927
Ansvarlig lånekapital	30.000	30.000	30.000
Netto ansvarlig kapital	313.461	260.009	273.927

Eksponeringskategori (vektet verdi)

Lokal regional myndighet	3.011	2.816	2.812
Institusjoner	1.087	144	144
Foretak	273.819	208.634	235.711
Pantsikkerhet eiendom	895.843	790.260	896.642
Forfalte engasjementer	90.662	82.735	56.197
Obligasjoner med fortrinnsrett	10.481	10.354	10.346
Fordring på institusjoner og foretak med kortsiktig rating	31.422	8.945	13.270
Andeler verdipapirfond	8.000	-	-
Egenkapitalposisjoner	38.864	32.956	34.575
Øvrige engasjementer	114.899	95.681	70.840
Sum beregningsgrunnlag for kredittrisiko	1.468.088	1.232.525	1.320.539
Beregningsgrunnlag fra operasjonell risiko	102.287	85.130	102.287
Beregningsgrunnlag	1.570.375	1.317.655	1.422.826

Tysnes Sparebank

– lokalbanken din –

post@tysnes-sparebank.no www.tysnes-sparebank.no telefon 53 43 03 00

Besøk oss på:

TYSNES

Våge
Teiglandsvegen 2
5680 TYSNES

HUSNES

Panorama
Heiamyro 11
5460 HUSNES

STORD

Meierikvarteret
Hamnegata 2
5411 STORD

Eller avtal tid til ein bankprat på ein av møteplassane våre:

LAGUNEN

Laguneveien 7
5239 RÅDAL

ROSENDAL

Skålagato 55
5470 ROSENDAL

ODDA

Bakkegata 2
5750 ODDA